



Innkalling
av
Utval for næringutvikling og drift

Møtedato: 28.04.2021
Møtestad: Teams
Møtetid: 08:00 - 10:30

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Kl. 8.00:-10.00: Arbeidsmøte om samfunnsdelen i kommuneplanen.
Etter arbeidsmøtet vert det ny handsaming av sak "Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall på høyring".

Sakliste

Saknr	Tittel
046/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
047/21	Godkjenning av møteprotokoll 21_04_2021
048/21	Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall på høyring

23. april 2021

Stian Lavik
møteleiar

Arthur Kleiveland
møtesekretær

Arkiv: <arkivID><jplD>
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 23.04.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
046/21	Utval for næringutvikling og drift	28.04.2021

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv: <arkivID><jplD>
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 23.04.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
047/21	Utval for næringutvikling og drift	28.04.2021

Godkjenning av møteprotokoll 21_04_2021

Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saka:

22.04.2021 Protokoll - Utval for næringutvikling og drift - 21.04.2021 1547232



Møteprotokoll for Utval for næringutvikling og drift

Møtedato: 21.04.2021
Møtestad: Teams
Møtetid: 12:00 - 15:35

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Stian Lavik	KRF	Utvalsleiar
Mabel Johansen	H	Nestleiar
Liv Hopland van der Kooij	SP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Øyvind Bratshaug	H	Medlem
Yngve Walaker	UAVH	Medlem
Maya Greve	MDG	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Anny Bastesen-kommunalsjef, Tove Hagenes-hovudprosjektleiar Samfunnsutvikling, Line Merete Valle-tenesteleiar Eigedomsforvaltning og Prosjekt, Mikkel Bengtsson-rådgjevar villtforvaltning, Arthur Kleiveland-møtesekretær

Baste Tveito-dagleg leiar Nordhordland næringslag orienterte om kraftsituasjonen, Green Spot Mongstad og om aktuelle/potensielle næringsprosjekt på Mongstad.

Det planlagde arbeidsmøtet om samfunnsdelen i kommuneplanen vart utsett til 28.april.

Sakliste

Saknr	Tittel
038/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
039/21	Godkjenning av møteprotokoll
040/21	Disponering av midlar på løpande investeringar
041/21	Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall på høyring
042/21	Føreseielegheitsvedtak for bruk av utbyggingsavtalar i Alver kommune
043/21	Retningslinjer for bruk av momsavtaler i Alver kommune
044/21	Meldingar til utval for næringsutvikling og drift 21.04.2021
045/21	Leveranse av scenarioanalyse Nordhordland / Alver

038/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Utval for næringsutvikling og drift 21.04.2021:

Behandling:

Utvalet godkjende innkalling og saksliste

ND- 038/21 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

039/21: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for næringsutvikling og drift 21.04.2021:

Behandling:

Utvalet godkjende møteprotokollen for 21. april.

ND- 039/21 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

040/21: Disponering av midlar på løpande investeringar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift tar prioriteringslista for løpande investeringar 2021 for bygg, eigedom og VA til orientering.

Utval for næringsutvikling og drift 21.04.2021:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 040/21 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift tar prioritierungslista for løpande investeringar 2021 for bygg, eigedom og VA til orientering.

041/21: Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall på høyring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for politisk handsaming.

Utval for næringsutvikling og drift 21.04.2021:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 041/21 Vedtak:

Saka vert lagt fram for politisk handsaming.

042/21: Føreseieleghetsvedtak for bruk av utbyggingsavtalar i Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Føreseieleghetsvedtak for bruk av utbyggingsavtalar i Alver kommune blir vedtatt slik det ligg føre i vedlegg 2.»

Utval for næringsutvikling og drift 21.04.2021:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 042/21 Vedtak:

Innstilling frå Utval for næringsutvikling og drift:

Føreseieleghetsvedtak for bruk av utbyggingsavtalar i Alver kommune blir vedtatt slik det ligg føre i vedlegg 2.

043/21: Retningslinjer for bruk av momsavtaler i Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Retningslinjer for inngåing av mva-avtalar som ledd i gjennomføring av arealplanar i Alver kommune blir vedtatt slik dei ligg føre i vedlegg 1.»

Utval for næringsutvikling og drift 21.04.2021:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtok.

ND- 043/21 Vedtak:

Innstilling frå Utval for næringsutvikling og drift:

Retningslinjer for inngåing av mva-avtalar som ledd i gjennomføring av arealplanar i Alver kommune blir vedtatt slik dei ligg føre i vedlegg 1.

044/21: Meldingar til utval for næringsutvikling og drift 21.04.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Utval for næringsutvikling og drift 21.04.2021:

Behandling:

Det vart gitt følgjande meldingar/orienteringar:

- Kraftsituasjonen i Nordhordland/Mongstad v/Baste Tveito-dagleg leiar Nordhordland næringslag
- Løypemelding Green Spot Mongstad knytt til Grønn Plattform og andre potensielle/aktuelle prosjekt på Mongstad, m.a. landbasert oppdrett
- Status Næringskonferansen 8. september
- Viltforvaltning i Alver kommune v/Mikkel Bengtsson-rådgjevar viltforvaltning
- Reinseanlegg Knarvik - status v/Line Merete Valle-tenesteleiar Eigedomsforvaltning og Prosjekt
- Byggesak – status kapasitet/bemanning v/Anny Bastesen-kommunalsjef
- Oppsummering «Tenketank næringsliv» v/Tove Hagenes-hovudprosjektleiar Samfunnsutvikling
- RIGHT-prosjektet og kompetanseutfordringar i næringslivet v/Tove Hagenes-hovudprosjektleiar Samfunnsutvikling

Utvalsleiar Stian Lavik (KRF) sette fram følgjande framlegg:

Utval for næringsutvikling og drift takkar for gode orienteringar.

Det er godt at ein har fått på plass meir tilgjengeleg kraft til regionen, og utvalet vil peika på viktigeita av at ein får endå meir kraft tilgjengeleg, slik at ein får på plass tilstrekkeleg til nyetableringar av kraftkrevjande industri i regionen, i tillegg til dei som allereie er på søkarlista.

Utvalet ser med stor interesse på forprosjektet for Grønn plattform og potensialet for hovudprosjekt. Prosjektet som no vert arbeidd med rundt energitunnel gjev spennande

potensiale for framtidig utvikling.

Utvalet takkar for oppfølging kring handsaming av byggesaker og relatert sakshandsaming i kommunen. Forsinkelsar i dette er svært alvorleg for næringslivet, og det er derfor avgjerande at sakshandsaminga er tilstrekkeleg rask og god. Det er godt at ein no har fått tilsett meir personell. Utvalet vil be administrasjonen om å fortsetja å følgja dette opp for å handtera situasjonen, i tråd med tidlegare vedtak.

Utvalet vil peika på viktigheita av å sikra godt nok uttak av vilt i landbruksområda i kommunen, og vil be om at administrasjonen følger opp dette tett, både med tanke på tenleg struktur og system og faktiske fellingsløyve. Det nye teljingsprosjektet med bruk av drone verkar spennande, og utvalet ber at konkrete område i kommunen som har særskilte utfordringar vert handsama spesielt og effektivt.

Utvaleiar Stian Lavik sitt framlegg vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Rådmannen sitt framlegg fekk 0 røyster og fall.

Utvaleiaren sitt framlegg fekk 7 røyster og vart samrøystes vedteke.

ND- 044/21 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift takkar for gode orienteringar.

Det er godt at ein har fått på plass meir tilgjengeleg kraft til regionen, og utvalet vil peika på viktigheita av at ein får endå meir kraft tilgjengeleg, slik at ein får på plass tilstrekkeleg til nyetableringar av kraftkrevjande industri i regionen, i tillegg til dei som allereie er på søkarlista.

Utvalet ser med stor interesse på forprosjektet for Grønn plattform og potensialet for hovudprosjekt. Prosjektet som no vert arbeidd med rundt energitunnel gjev spennande potensiale for framtidig utvikling.

Utvalet takkar for oppfølging kring handsaming av byggesaker og relatert sakshandsaming i kommunen. Forsinkelsar i dette er svært alvorleg for næringslivet, og det er derfor avgjerande at sakshandsaminga er tilstrekkeleg rask og god. Det er godt at ein no har fått tilsett meir personell. Utvalet vil be administrasjonen om å fortsetja å følgja dette opp for å handtera situasjonen, i tråd med tidlegare vedtak.

Utvalet vil peika på viktigheita av å sikra godt nok uttak av vilt i landbruksområda i kommunen, og vil be om at administrasjonen følger opp dette tett, både med tanke på tenleg struktur og system og faktiske fellingsløyve. Det nye teljingsprosjektet med bruk av drone verkar spennande, og utvalet ber at konkrete område i kommunen som har særskilte utfordringar vert handsama spesielt og effektivt.

045/21: Leveranse av scenarioanalyse Nordhordland / Alver

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Kommunestyret tar scenarioanalysen Nordhordland/Alver til orientering
- Alver kommune skal nytte scenarioanalysen som eit kunnskapsgrunnlag for planprosessar, strategiar og aktuelle utviklingsprosessar i åra framover.

Utval for næringutvikling og drift 21.04.2021:

Behandling:

Utvaleiar Stian Lavik (KRF) sette fram følgjande tilleggsframlegg i møtet:

Med bakgrunn i anbefalingane i Scenarioanalysen for Nordhordland/Alver, vil kommunestyret i Alver kommune peika på følgjande:

1. Alver og Nordhordland må ha eit høgt fokus på næringsutvikling i regionen, mellom anna med tanke på arbeidsplassutvikling i området.
2. Regional satsning på næringsutvikling må ha Fensfjordbassenget som hovudmotor.
3. Det må arbeidast på alle nivå med å følgja anbefalingane frå Scenarioanalysen.
4. Regionen må arbeida med merkevareposisjonering og markedsføring av Nordhordland som attraktiv næringsregion, i tråd med anbefalingane.
5. Når det gjeld rolleavklaring mellom regionalt nivå, kommunalt nivå, industriutviklingsselskap, og næringslivet generelt, meiner utvalet dette er ei god anbefaling. Utvalet ønskjer at ein på regionalt nivå etablerer eit eige organ som har fokus på strategisk posisjonering, vertskapsattraktivitet og storskalafordeler for næringsutvikling. Eit slikt organ bør ha representasjon frå folkevald side, regional/kommunal administrasjon, næringsutviklarar, og næringslag. Dette organet må samhandla med alle dei ulike nivåa frå anbefalingane i rapporten.
6. Regionen bør setja seg konkrete mål for dei komande åra, og eit slikt organ som er nemnd over bør m.a. få i oppgåve å arbeida med dette.

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.
Utvalet vedtok samrøystes Stian Lavik (KRF) sitt tilleggsframlegg.

ND- 045/21 Vedtak:

Innstilling frå utval for næringsutvikling og drift:

- Kommunestyret tar scenarioanalysen Nordhordland/Alver til orientering
- Alver kommune skal nytte scenarioanalysen som eit kunnskapsgrunnlag for planprosessar, strategiar og aktuelle utviklingsprosessar i åra framover.

Med bakgrunn i anbefalingane i Scenarioanalysen for Nordhordland/Alver, vil kommunestyret i Alver kommune peika på følgjande:

1. Alver og Nordhordland må ha eit høgt fokus på næringsutvikling i regionen, mellom anna med tanke på arbeidsplassutvikling i området.
2. Regional satsning på næringsutvikling må ha Fensfjordbassenget som hovudmotor.
3. Det må arbeidast på alle nivå med å følgja anbefalingane frå Scenarioanalysen.
4. Regionen må arbeida med merkevareposisjonering og markedsføring av Nordhordland som attraktiv næringsregion, i tråd med anbefalingane.
5. Når det gjeld rolleavklaring mellom regionalt nivå, kommunalt nivå, industriutviklingsselskap, og næringslivet generelt, meiner utvalet dette er ei god anbefaling. Utvalet ønskjer at ein på regionalt nivå etablerer eit eige organ som har fokus på strategisk posisjonering, vertskapsattraktivitet og storskalafordeler for næringsutvikling. Eit slikt organ bør ha representasjon frå folkevald side, regional/kommunal administrasjon, næringsutviklarar, og næringslag. Dette organet må samhandla med alle dei ulike nivåa frå anbefalingane i rapporten.
6. Regionen bør setja seg konkrete mål for dei komande åra, og eit slikt organ som er nemnd over bør m.a. få i oppgåve å arbeida med dette.

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-
M52, TI-&00
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 09.04.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
072/21	Utval for areal, plan og miljø	21.04.2021
041/21	Utval for næringutvikling og drift	21.04.2021
048/21	Utval for næringutvikling og drift	28.04.2021

Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall på høyring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for politisk handsaming.

Utval for næringutvikling og drift 21.04.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 041/21 Vedtak:

Saka vert lagt fram for politisk handsaming.

Utval for areal, plan og miljø 21.04.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 072/21 Vedtak:

Saka vert lagt fram for politisk handsaming.

Politisk handsaming

Saka skal til handsaming i Utval for areal, plan og miljø.

Saka skal til handsaming i Utval for næringsutvikling og drift.

Saka gjeld

Alver kommune har etter lov om forureining og avfall (forureiningslova) §§ 29 og 30 ansvar for å ha anlegg for mottak og innsamling av hushaldsavfall. Kommunen kan etter same paragraf gje forskrift som er naudsynt for å få til ein hensiktsmessig innsamling og oppbevaring av avfallet.

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR) står føre oppsamling, innsamling, transport og handsaming av hushaldningsavfall i kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund. NGIR samlar inn og handsamar avfall frå omlag 14 000 hushald, og 6 400 hytter i

medlemskommunane.

Med heimel i Forureiningslova § 30 vedtok deltakarkommunar i NGIR ei felles lokal forskrift for innsamling mv. av husholdningsavfall (forbruksavfall) – FOR-2000-10-05-1706.

Det vert lagt fram ei ny lokal forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall frå bueiningar. Næringsavfall er ikkje inkludert i ordninga. Ny forskrift vil erstatte gjeldande forskrift som er frå 2000. For Alver kommune sin del så var denne gjeldande til 31.12.2020.

Alver formannskap gjorde vedtak om å legge forskrifta ut på høyring i 6 veker i møte 11.03.2021. Høyringsfristen er 05.05.2021.

Forskrifta ligg tilgjengeleg på Alver kommune si heimeside under høyringar, og den er kunngjort i lokalavisa. I tillegg er forskrifta send på høyring internt til ulike fagområde i administrasjonen, til Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune.

Vidare saksgang etter høyringsfristen er ute er at NGIR, saman med representantar frå medlemskommunane, vil gjennomgå og vurdere alle uttalar fram mot eit endeleg forslag til forskrift. Forskrifta skal vedtakast i kommunestyret i den enkelte av medlemskommunane i NGIR samarbeidet.

Vurdering

Gjeldande forskrift har ikkje vore endra sidan 2000, og NGIR har gjort seg erfaringar med at forskrifta ikkje løyser alle forhold på ein god nok måte.

Kommunane og NGIR ser behovet for å gjere forskrifta tydelegare med omsyn til om det er NGIR eller kommunane som skal stå for ulike oppgåver knytt til hushaldsrenovasjonen, samt andre høve som har vist seg å være uklare i eksisterande forskrift.

Framlegget til ny forskrift er basert på gjeldande forskrift, og regulerer forholdet mellom abonnent/kunde på den eine sida, og NGIR (kommunane) på den andre sida.

Føremålet med forskrifta er å sikre at oppsamling, innsamling, transport og handsaming av hushaldsavfall vert gjort på miljømessig, helsemessig og økonomisk forsvarleg vis.

Den nye forskrifta er meir systematisert og strukturert enn tidlegare, og gjev NGIR meir rom for å supplere forskrifta med detaljert informasjon i rettleiarar og retningslinjer. Forskrifta vert difor meir dynamisk, og ein får høve til å tilpasse renovasjonsordninga teknologiske løysingar for avfallshandtering og andre endringar som kan oppstå i framtida.

Framlegg til forskrift er felles for alle deltakarkommunane i Nordhordland og Gulen interkommunale renovasjonsselskap (NGIR), og fleire frå administrasjonen frå deltakarkommunane har delteke i arbeidet med utforminga av den nye forskrifta.

Vedlegg i saka		
04.03.2021	Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall	1520223
04.03.2021	Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall	1520223
04.03.2021	Retningsliner for privat tilkomstveg	1520224
04.03.2021	Retningsliner for privat tilkomstveg	1520224
04.03.2021	Rettleiar til forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall	1520225
04.03.2021	Rettleiar til forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall	1520225

FORSKRIFT OM INNSAMLING OG HANDSAMING AV HUSHALDSAVFALL

Gjeldande frå 1. januar 2021

Denne forskrifta er gjeve med heimel i LOV-1981-03-13-6 Lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) §§ 30, 31, 33, 34, 37, 48, 49, 50, 79, 83 og 85. Forskrifta er vedteke av kommunestyra i (vedtaksdato i parentes):

Alver kommune	(xx.xx.2020)
Austrheim kommune	(xx.xx.2020)
Fedje kommune	(xx.xx.2020)
Gulen kommune	(xx.xx.2020)
Masfjorden kommune	(xx.xx.2020)
Modalen kommune	(xx.xx.2020)
Solund kommune	(xx.xx.2020)

INNHALD

Kapittel 1 Innleiande bestemmingar

- § 1 Føremål og verkeområde
- § 2 Avgrensingar – næringsavfall
- § 3 Delegasjon
- § 4 Definisjonar

Kapittel 2 Kommunen sitt ansvar og kommunen sine pliktar

- § 5 Tvungen renovasjon
- § 6 NGIR sine pliktar og ansvar for renovasjonen

Kapittel 3 Abonnementen og kunden sine pliktar

- § 7 Generelle pliktar
- § 8 Bruk og ansvar for oppsamlingseiningar

Kapittel 4 Tekniske bestemmingar

- § 9 Alternative oppsamlingsordningar

§ 10 Krav til veg og hentestad

§ 11 Avfallsmottak

§ 12 Planarbeid

Kapittel 5 Gebyr og betaling

§ 13 Renovasjonsgebyr

§ 14 Fastsetjing av renovasjonsgebyr og kven som skal betala

§ 15 Innkrevjing

Kapittel 6 Administrative bestemmingar

§ 16 Dispensasjon

§ 17 Kontroll

§ 18 Pålegg og sanksjonar

§ 19 Klagegang

§ 20 Ikraftsetjing

KAPITTEL 1 INNLEIANDE BESTEMMINGAR

§ 1 Føremål og verkeområde

Forskrifta gjeld oppsamling, innsamling, transport og handsaming av hushaldsavfall i kommunane som er deltakarar i Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR).

Forskrifta sitt føremål er å sikra at oppsamling, innsamling, transport og handsaming av hushaldsavfall vert gjort på miljømessig, helsemessig og økonomisk forsvarleg vis.

Forskrifta skal hjelpa til å gjennomføra og overhalda dei pliktar som kommunane er pålagt i lov, irekna innkrevjing av renovasjonsgebyr.

Forskrifta gjeld for det ansvarsområdet der kommunane er tildelt forureiningsmynde etter forureiningslova med tanke på hushaldsavfall.

§ 2 Avgrensingar – næringsavfall

Forskrifta gjeld ikkje for næringsavfall. Den som har næringsavfall, har sjølv ansvaret for at avfallet vert levert til godkjend mottak.

§ 3 Delegering

Kommunane som er deltakarar i NGIR er forureiningsmynde for det ansvarsområdet som forskrifta gjeld for.

Kommunane som er deltakarar i NGIR kan delegere mynde til NGIR til å gjennomføra forskrifta sin bestemmingar og føremål, kor slikt mynde ikkje fylgjer av forskrifta. Kommunane kan også delegere mynde til NGIR til å treffa enkeltvedtak, jf. Forureiningslova § 83.

§ 4 Definisjonar

Abonment: Eigar, festar eller heimelshavar til bueining som vert omfatta av renovasjonsordninga.

Avfall: Kasserte lausøyregjenstandar eller stoff, jf. forureiningslova § 27.

Avfallsmottak: Gjenvinningsstasjon/-anlegg, eller anna godkjend mottak for avfall, både betente og ubetente.

Bueining: Permanent oppsett byggverk som gjev rom for kvile og matstell, eller som har hatt funksjon som bueining i minst tre månadar, irekna burettslagsleilegheit, hybel, hytte, fritidseigedom, varig oppsett campingvogn eller liknande innretning, til dømes bubil, brakke, telt, husbåt mv.

Bustad: Ein kvar bueining som er bygd, ombygd, godkjend eller for øvrig vert nytta som privat heilårsbustad. Ein bustad kan innehalda fleire bueiningar.

Farleg avfall: Avfall som ikkje føremålstenleg kan handsamast saman med anna hushaldsavfall eller næringsavfall fordi det kan føra til alvorleg forureining eller fare for skade på menneske, dyr eller miljø.

Fellesbeholdar: Ein oppsamlingseining som vert stilt til rådvelde for meir enn ein abonnent eller kunde.

Fraksjon: Einsarta del av avfallet, til dømes glas, papir, papp, våtorganisk avfall mv.

Fritidsbustad Ein kvar bueining som ikkje er bygd, ombygd, godkjend eller kan nyttast som heilårsbustad. En fritidseigedom kan innehalda fleire bueiningar.

Gjenvinningsstasjon: Stad som er tilrettelagd for mottak av visse delar av hushaldsavfallet, som på grunn av storleik, type eller mengd ikkje kan eller skal leverast i oppsamlingseining.

Hentestad: Stad der oppsamlingseiningar vert plassert for tømning og/eller henting på tømmedag.

Heimekompostering: Ei ordning der abonnenten inngår ein skriftleg avtale med NGIR om at abonnenten sjølv vil gjenvinna ein nærare spesifisert del av hushaldsavfallet.

Hushaldsavfall: Alt avfall frå bueiningar, irekna større gjenstandar som inventar og liknande.

Hytte: sjå «Fritidseigedom»

Innsamling: Arbeidet renovatøren utfører med å henta avfallet på hentestaden.

Kjeldesortering: Å skilja avfallet i ulike fraksjoner etterkvart som avfallet oppstår.

Køyreveg: Ein veg der renovasjonsbilen kan ta seg fram på ein lovleg og forsvarleg vis.

Kunde: Ein kvar som leverer eller etterlet hushaldsavfall til avfallsmottak eller oppsamlingseining. Kunden kan vera leigetakar hjå abonnent eller på annan vis disponera oppsamlingseining på vegne av abonnent.

NGIR: Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS

Næringsavfall: Avfall frå offentleg eller privat verksemd, irekna mellom anna organisasjonar, foreiningar, landbrukseigedom og institusjonar. Burettslag og verksemder som eig bueiningar og driv utleige av bueining(ar) vert omfatta av denne forskrifta.

Oppsamlingseining: Alle behaldarar, sekker, konteinarar mv. som vert stilt til rådvelde for, og som er særskilt meint for bestemte abonnentar og kundar for oppsamling av avfall før innsamling og henting.

Oppstillingsplass: Plassen der oppsamlingseininga er plassert til dagleg, utanom tømmedag.

Privat åtkomstveg: Køyreveg som ikkje er offentleg veggrunn.

Renovatør: Personell i NGIR, eller person/verksemd som samlar inn og transporterar hushaldsavfallet på oppdrag for NGIR.

Restavfall: Det avfallet som ikkje kan gjenvinnast.

Transportveg: Grunnen der renovatøren manuelt skal transportera oppsamlingseining frå hentestad til renovatøren sitt køyretøy.

Tømmedag: Den vekedagen hushaldsavfallet vert samla inn frå oppsamlingseiningane

KAPITTEL 2 KOMMUNEN SITT ANSVAR OG KOMMUNEN SINE PLIKTAR

§ 5 Tvungen renovasjon

Alle bueiningar som fell inn under forskrifta sitt verkeområde vert omfatta av renovasjonsordninga og er forplikta etter forskrifta.

Kommunane som er deltakarar i NGIR gjev gjennom forskrifta NGIR einerett på innsamling og handsaming av hushaldsavfall innanfor forskrifta sitt verkeområde. NGIR kan tildela heile eller delar av eineretten til eventuelle dotterselskap.

Utan samtykke frå NGIR kan ingen andre samla inn eller handsama hushaldsavfall.

NGIR avgjer innanfor forureiningsregelverket kva som skal reknast som hushaldsavfall, og kan fastsetja nærare retningsliner for kva som vert rekna som hushaldsavfall.

§ 6 NGIR sine pliktar og ansvar for renovasjonen

NGIR skal syta for at det vert stilt til rådvelde dei oppsamlingseiningar som NGIR til ei kvar tid finn naudsynt for å sikra forsvarleg oppsamling, innsamling, transport og handsaming av hushaldsavfall.

Hushaldsavfallet skal samlast inn med dei intervall som NGIR bestemmer. Intervalla kan fråvikast ved bevegelege heilag dagar, streik, force majeure og der ekstraordinære omstende tilseier det.

NGIR skal kunngjera og gje informasjon om henteintervall og endringar i desse. NGIR pliktar å informera abonnentar om endringar i renovasjonsordninga.

Renovatøren har rett til å utsetja innsamling av hushaldsavfall viss dette ikkje kan gjerast forsvarleg. Viss renovatøren utsett innsamlinga som følgje av at det ikkje er forsvarleg, skal NGIR avhjelpa situasjonen innan rimeleg tid.

NGIR kan påleggja fleire bueiningar å nytta fellesbeholdarar. NGIR bestemmer kva type behaldarar og plasseringa av fellesbeholdarane.

Fleire bueiningar kan i fellesskap søkja NGIR om å nytta fellesbeholdarar.

NGIR kan gje rettleiing og retningsliner, eller inngå avtalar for nærare å angje bruk og ansvarsforhold vedrørande oppsamlingseiningar.

NGIR skal gje informasjon om plikt til og moglegheit for kjeldesortering og heimekompostering, og om bruk av dei ulike avfallsløysingane.

NGIR kan utarbeida og endra rettleiarar og retningsliner med presisering og nærare utgreiing for forskrifta sine bestemmingar.

NGIR kan innanfor rammene av forureiningsregelverket endra renovasjonsordninga.

KAPITTEL 3 ABONNENTEN OG KUNDEN SINE PLIKTAR

§ 7 Generelle pliktar

Abonnent/kunde pliktar å bruka NGIR si renovasjonsordning for oppsamling, innsamling, transport og handsaming av hushaldsavfall.

Abonnent er ansvarleg for at forskrifta, irekna rettleiarar og retningsliner gjeve med heimel i forskrifta, vert fylgt, og er økonomisk ansvarleg overfor NGIR og kommunane.

Abbonent/kunde pliktar skriftleg å melda endringar og andre forhold som har noko å seia for abonnent- eller kundeforholdet. Abonnent/kunde pliktar å opplysa om talet bueiningar som er, eller skal vera, knytt til renovasjonsordninga.

Abbonent/kunde pliktar å sortera avfallet slik NGIR til ei kvar tid bestemmer, og i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande renovasjonsordning.

Abbonent/kunde pliktar å levera avfall som ikkje skal eller kan leggjast i oppsamlingseining til godkjent avfallsmottak.

§ 8 Bruk av og ansvar for oppsamlingseiningar

Det skal berre nyttast oppsamlingseiningar som er utlevert/utplassert av NGIR. Oppsamlingseiningane er registrert på bueining og skal ikkje flyttast ved eigarskifte, endring i festeforhold o.l.

Abbonent/kunde er ansvarleg for at plassering og bruk av oppsamlingseining skjer i samsvar med forskrifta, irekna rettleiar og retningslinjer gjeve med heimel i forskrifta.

Abbonent/kunde er ansvarleg for at oppsamlingseining er sett fram til hentestad på tømmedag til rett tid, , for å ha rett til innsamling. Abonnent/ kunde må innretta seg etter endring av hentestad.

Oppsamlingseining skal utanom tømmedag vera plassert på oppstillingsplass. Oppsamlingseining skal setjast tilbake på oppstillingsplass same dag som tømming finn stad. Oppsamlingseining skal ikkje vera plassert på fortau eller offentleg veggrunn utanom tømmedag.

Abbonent/kunde er ansvarleg for at oppsamlingseining vert plassert på hentestad i samsvar med føringar frå NGIR.]

Abbonent/kunde pliktar å syta for at oppsamlingseining ikkje fører til skade eller sjenanse for sine omgjevnader.

Abbonent er økonomisk ansvarleg for oppsamlingseining som forsvinn eller vert øydelagd utover normal slitasje, og tap som følgje av aklaus bruk.

Abbonent pliktar å melda frå til NGIR viss oppsamlingseining vert skada, vert øydelagd, forsvinn, eller det av anna årsak er trong for vedlikehald/utskifting.

Oppsamlingseining skal berre nyttast til den typen avfall oppsamlingseininga er meint for, og loket skal kunne lukkast heilt igjen til ei kvar tid.

Fellesbeholdarar for fritidseigedommar skal ikkje nyttast av fastbuande. NGIR kan bestemma at fritidseigedommar skal nytta ein eller fleire bestemte fellesbeholdarar.

KAPITTEL 4 TEKNISKE BESTEMMINGAR MV.

§ 9 Alternative oppsamlingsordningar

Der forholda ligg til rette for det og NGIR finn det føremålstenleg, kan det etablerast alternative oppsamlingsordningar for hushaldsavfall. Dette omfattar mellom anna nedgravne løysningar for oppsamling.

NGIR kan både tillata og påleggja etablering av eller tilkopling til nedgravne oppsamlingseiningar og andre alternative oppsamlingsordningar. Slike løysningar kan berre etablerast og nyttast i samarbeid med og etter samtykke frå NGIR. NGIR kan ikkje påleggja etablering av alternative oppsamlingsordningar viss dette vert urimeleg tyngjande for abonnent/kunde.

Viss ei alternativ oppsamlingsordning er eigd av abonnent/kunde, pliktar abonnent/kunde å syta for naudsynt oppgradering og vedlikehald. Den alternative oppsamlingsordninga må vera tilpassa NGIR si renovasjonsordning, og NGIR kan påleggja utskifting av alternative oppsamlingsordningar, med mindre dette vert ei urimeleg byrde for abonnent/kunde.

Alternative oppsamlingsordningar i privat eige skal driftast og nyttast slik at NGIR si innsamling av hushaldsavfall kan gjennomførast utan at det oppstår unødige driftsmessige hindringar eller stans.

Forskrifta §§ 7, 8 og 10 gjeld så langt dei passar for alternative oppsamlingsordningar.

NGIR kan gje nærare retningslinjer og vilkår for alternative oppsamlingsordningar.

§ 10 Krav til veg og hentestad

Hentestaden skal som hovudregel vera ved køyreveg. NGIR har rett til å fastsetja hentestaden og kan krevja endring av hentestaden dersom NGIR finn dette naudsynt. NGIR kan akseptere hentestad som ikkje ligg ved køyreveg etter nærare vurdering i det enkelte tilfellet.

Ved bruk av private åtkomstvegar kan NGIR krevja at det vert inngått skriftleg avtale om rett til å nytta den private vegen for innsamling av hushaldsavfall. Avtalen vert inngått mellom NGIR og vegeigar(ar).

Private åtkomstvegar skal ha ein standard som inneber at renovatør på forsvarleg og føremålsteneleg vis kan komma fram til hentestaden med dei køyretøy som renovatøren nyttar.

Privat åtkomstveg/hentestad skal gje moglegheit for å snu med større køyretøy på forsvarleg og rasjonelt vis, og for øvrig sikra ei forsvarleg og hensiktsmessig innsamling.

Viss det ikkje vert inngått avtale om rett til å nytta privat veg, kan NGIR påleggja abonnent/kunde å nytta hentestad som ikkje forutset at NGIR har åtkomst på privat veg. Hentestaden skal kunne betenast med dei køyretøy som renovatøren nyttar.

NGIR kan gje nærare retningslinjer for krav til privat åtkomstveg, hentestad og transportveg frå hentestad til renovatøren sitt køyretøy.

§ 11 Avfallsmottak

NGIR kan bestemma at abonnent/kunde pliktar å kjeldesortera avfall og levera fraksjoner til relevante gjenvinningsstasjonar og avfallsmottak. Omfang, henterutinar, leveringsmåte mv. vert fastsett av NGIR og kunngjort på formålstenleg vis.

Hushaldsavfall som på grunn av mengde, storleik eller form ikkje kan eller skal plasserast i oppsamlingseining, skal leverast til godkjend avfallsmottak. Abonnent/kunde er ansvarleg for kostnad med slik levering.

Farleg avfall skal leverast til avfallsmottak godkjend for slikt avfall, eller i samsvar med andre mottaksordningar som NGIR bestemmer og tilviser.

§ 12 Planarbeid

NGIR skal ha høve til å gje uttale til planforslag etter plan- og bygningslovgjevinga i samband med offentleg handsaming og før endeleg offentleg vedtak vert treft.

NGIR kan gje nærare retningsliner om kva opplysningar planen sin forslagsstillar skal gje til NGIR, slik at NGIR kan gje uttale om relevante forhold knytt til renovasjon.

KAPITTEL 5 GEBYR OG BETALING

§ 13 Renovasjonsgebyr

Renovasjonsgebyret vert fastsett årleg av kommunen i eige gebyrvedtak etter innstilling frå representantskapet i NGIR. Renovasjonsgebyret skal dekkja alle NGIR sine kostnader i samband med oppsamling, innsamling, transport og handsaming av hushaldsavfall.

Gebyrsatsane kan differensierast for å fremja avfallsreduksjon, kjeldesortering og gjenvinning. Differensiering kan skje på bakgrunn av avfallsmengd, avfallstypar, materialgjenvinning mv.

§ 14 Kven som skal betala renovasjonsgebyr

Renovasjonsgebyret skal betalast av abonnenten. Viss ein grunneigedom vert bortfesta for meir enn 30 år, er festaren ansvarleg for betaling av renovasjonsgebyret, med mindre anna er særskilt avtala med NGIR i det enkelte tilfellet. Det same gjeld viss festeavtalen vert forlenga slik at samla festetid går utover 30 år.

Nye abonnentar pliktar å betala renovasjonsgebyr frå den 1. i månaden etter at bueininga vart omfatta av forskrifta. For nye abonnentar som vert omfatta av forskrifta etter vedtak med heimel i plan- og bygningslova, gjeld gebyrplikta den 1. i månaden etter vedtak om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, eller anna relevant vedtak, vart treft av kommunen.

Ved endringar i abonnement, til dømes ved eigarskifte, fråflytting, rivning, brann mv., gjeld eventuelt nytt renovasjonsgebyr frå den 1. i månaden etter at NGIR fekk melding om endring, eller NGIR har treft vedtak om endring i abonnement, med mindre anna går fram av vedtaket frå NGIR.

Viss abonnent/kunde har gjeve uriktige eller mangelfulle opplysningar til NGIR som har ført til at abonnent/kunde har betalt for lite gebyr, kan NGIR krevja etterbetaling av gebyr frå og med det tidspunkt NGIR med rimelegheit kan etablere at abonnent/kunde skulle ha betalt høgare gebyr.

Eventuelt gebyr for levering av avfall ved avfallsmottak vert fastsett i samsvar med § 13, og vert offentleggjort på formålstenleg vis.

§ 15 Innkrevjing

NGIR krev inn renovasjonsgebyr for oppsamling, innsamling, transport og handsaming av hushaldsavfall, med mindre den enkelte kommune har vedteke anna.

Renovasjonsgebyret er sikra med legalpant etter Lov om pant § 6-1. Lov om eigedomsskatt § 25, 3. ledd, §§ 26 og 27 gjeld tilsvarande for oppgjer og innkreving av renovasjonsgebyret.

KAPITTEL 6 ADMINISTRATIVE BESTEMMINGAR

§ 16 Dispensasjon

NGIR kan etter skriftleg søknad gje dispensasjon frå forskrifta, irekna renovasjonsordninga og plikta til å betala renovasjonsgebyr, gjeve at krava i forureiningslova §§ 7 og 28 er oppfylte. Det kan gjevast vilkår for dispensasjonen.

NGIR kan gje nærare retningsliner for å gje dispensasjon.

Abonnenten pliktar å informera NGIR viss grunnlaget for dispensasjon vert endra.

§ 17 Kontroll

NGIR kan foreta kontroll og gransking for sikra korrekt oppfølging og gjennomføring av § 16, og elles for å sikra korrekt betaling av renovasjonsgebyr.

Framgangsmåten ved kontroll skal følgje forvaltningslova § 15, med mindre heimel for anna ligg føre.

NGIR kan kontrollere oppsamlingseiningar, hentestedar, avfallsmottak og gjenvinningsstasjonar, for misbruk og forsøpling.

Ved levering av avfall til avfallsmottak, kan NGIR krevja dokumentasjon på at avfallet er hushaldsavfall, og kan foreta kontroll av opplysningar og dokumentasjon i samband med dette.

§ 18 Pålegg og sanksjonar

NGIR kan påleggja abonnent/kunde om å auka oppsamlingsvolumet eller talet på oppsamlingseiningar, viss NGIR vurderer dette som naudsynt for å sikra at avfallet vert sortert, oppbevart eller disponert på formålstenleg vis. Abonnenten er økonomisk ansvarleg for slik auking i volum eller endring i talet på oppsamlingseiningar.

NGIR kan påleggja ekstra innsamling av avfall som ikkje er sortert i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande renovasjonsordning. Abonnenten er økonomisk ansvarleg for slik ekstra innsamling.

Forsettleg eller uaktsamt brot på forskrifta kan straffast med bøter, jf. forureiningslova § 79.

§ 19 Klage

Forvaltningslova sine regler gjeld for handsaming av saker etter denne forskrifta.

Enkeltvedtak treft med heimel i denne forskrifta kan klagast på, jf. forureiningslova § 85.

Enkeltvedtak treft av NGIR kan klagast på til særskild klagenemnd for NGIR, jf. forvaltningslova § 28, 2. ledd, 2. punktum. Vedtak i den særskilde klagenemnda er endelege.

§ 20 Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft [dato]..

Frå same tidspunkt vert «Forskrift for innsamling av forbruksavfall» oppheva, vedteke av dåverande deltakarkommunar i NGIR som følger (dato for vedtaket i parentes):

Austrheim kommune	(28.06.2000)
Fedje kommune	(05.10.2000)
Gulen kommune	(22.06.2000)
Lindås kommune	(22.06.2000)
Masfjorden kommune	(07.09.2000)
Meland kommune	(14.06.2000)
Modalen kommune	(25.05.2000)
Radøy kommune	(29.06.2000)
Solund kommune	(19.06.2000)

RETNINGSLINER FOR PRIVAT ÅTKOMSTVEG, HENTESTAD OG TRANSPORTVEG FOR INNSAMLING AV HUSHALDSAVFALL AV NGIR

INNLEIING

Retningslinene er vedteke av NGIR med heimel i Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall § 11, samt gjengjev krava gitt i Forskrift om slamtømming.

Retningslinene fastset krav som minst må vera oppfylt for at NGIR skal kunne nytta den private vegen som åtkomst for innsamling av hushaldsavfall.

Vidare vert det fastsett krav til hentestad og transportveg frå hentestad og fram til renovasjonsbilen, der det er aktuelt.

KRAV TIL VEGSTANDARD FOR PRIVAT ÅTKOMSTVEG FOR INNSAMLING AV HUSHALDSAVFALL

1 Privat åtkomstveg

Ein privat åtkomstveg er ein veg som NGIR i utgangspunktet har trong for å nytta for å komma fram til hentestaden, men der den aktuelle vegen er i privat eige. NGIR har i slike tilfelle trong for samtykke frå vegeigar(ar) for å nytta vegen, samt at NGIR har trong for å sikra at vegen kan nyttast av renovasjonskøyretøya.

Det er vegeigar(ar) som har ansvaret for å vedlikehalda den private åtkomstvegen, og til ei kvar tid sjå til at vegen held den standard som er kravd av NGIR. Viss vegeigar(ar) ikkje ønskjer å gje NGIR åtkomst, eller ikkje syt for at vegen er i samsvar med krava som går fram av desse retningslinene, vil det føra til at hentestaden vert endra slik at NGIR på lovleg og forsvarleg vis kan koma fram til den.

2 Krav til vegbanen

Vegbana skal ha fast underlag, vera jamn og ha «sidefall» for avrenning. Underlaget skal ha minst 10 cm med grusdekke og tilnærma horisontal tverrprofil.

Minste breidde på vegbana skal vera 3,0 meter. I tillegg skal vegbana ha vegskulder på kvar side, som skal ha naudsynt breidde for trygg vegavslutning, men aldri mindre enn 0,5 meter på kvar side.

Vegbana skal ha fri høgde på minst 4,0 meter for heile vegstrekket.

Minste svingradius skal vera 7,5 meter, med tillegg av vegskulder som gjeve over (minimum 0,5 meter på kvar side).

3 Krav til stigningsforhold

På rett strekning skal maksimal stigning vera 1:7 for strekk som er 0-100 meter i lengde, og 1:8 for strekk som er lengre enn 100 meter.

Stigning kombinert med kurve i vegbana skal ha eit stigningsforhold som er maksimalt 1:12 for kurvelengda.

4 Krav til bereevne

Vegen skal tola eit akseltrykk på minimum 10 tonn.

Viss det er bruer eller andre konstruksjonar, skal desse alltid vera klassifiserte, og NGIR kan krevja særskilt dokumentasjon for bereevna til bruer og andre konstruksjonar.

5 Snuplass

Privat åtkomstveg skal som hovudregel vera utforma slik at renovatøren sitt køyretøy ikkje treng å ryggja. Viss dette ikkje er mogleg, kan NGIR samtykka til at renovatøren sitt køyretøy må ryggja, forutsett at følgjande er oppfylt:

- Det må vera etablert snuplass i rett strekning som minst har ei breidde på 5,0 meter og ei lengde på 20,0 meter.
- Svingradius for snuplass skal vera minst 8,5 meter.
- Minste avstand til sidehinder, som til dømes hagemurar, gjerder, busker o.l., skal vera minst 0,5 meter.
- Fri høgde på minst 4,0 meter.

6 Krav til vedlikehald og sikring

Vegbana og vegskulder skal haldast rydda og vedlikehalde.

Om vinteren skal vegbanen haldast fri for snø, og skal vera sandstrødd eller tilsvarande.

NGIR kan krevja at vegeigar(ar) iverksett tiltak for å sikra vegbana og snuplass, betra sikt og siktsoner.

KRAV TIL STANDARD FOR HENTESTAD OG TRANSPORTVEG

Hentestaden er den staden der oppsamlingseining vert sett på tømmedag, slik at renovatøren kan samla inn avfallet.

Som hovudregel skal hentestaden vera direkte knytt til køyreveg, slik at avstanden frå renovatøren sitt køyretøy til oppsamlingseiningane er minst mogleg.

Dersom det ikkje er mogleg, eller at det er lite hensiktsmessig at hentestaden er direkte knytt til køyreveg, kan hentestaden etablerast i lengre avstand fram til renovatøren sitt køyretøy. Dette forutsette at krava til Transportveg er oppfylt, og at NGIR for øvrig godkjenner ei slik løysning.

Transportveg er grunnen mellom hentestad og renovatøren sitt køyretøy, der renovatøren må transportera oppsamlingseiningane manuelt.

1 Krav til underlaget og hentestaden si plassering

Hentestaden skal vera lett tilgjengeleg for renovatøren, og skal ha eit fast og tilnærma horisontalt underlag på bakkenivå. Viss oppsamlingseiningane har eit volum under 400 liter, kan NGIR samtykke til at underlaget avviker frå dette.

Om vinteren skal hentestaden haldast fri for snø, og skal vera sandstrødd eller tilsvarande.

2 Krav til hentestaden si utforming

Hentestaden må ha tilstrekkeleg stort areal til forsvarleg og føremålstenleg plassering og handtering av oppsamlingseiningane.

Hentestaden må vera fri for hindringar som kan gjera henting og innsamling av avfallet vanskeleg, til dømes tersklar, trappetrinn, parkerte køyretøy, brøytekantar mv.

Abonnten pliktar å sikra oppsamlingseininga på hentestaden, slik at oppsamlingseininga ikkje vert flytta, velta av vind e.l. Sikringsordningar må samstundes ikkje vera slik at det gjer henting og innsamling av avfallet vanskeleg.

Innandørs hentestad skal ha belysning.

3 Krav til avstand frå hentestad til renovatøren sitt køyretøy

Hentestaden skal vera maksimalt 8,0 meter frå den staden der renovatøren sitt køyretøy har moglegheit til å stoppa forsvarleg for å samla inn avfallet, viss transportvegen er eit tilnærma rett strekk. Viss transportvegen ikkje er eit rett strekk, skal transportvegen ikkje vera lengre enn 5,0 meter.

Viss oppsamlingseiningane er større enn 660 liter, skal renovatøren kunne køyra heilt inn på hentestaden. Det same gjeld for nedgravne løysningar.

4 Krav til transportveg

Transportveg frå hentestad til renovatøren sitt køyretøy skal ha eit fast underlag, slik at renovatøren utan vanskar kan trilla oppsamlingseiningane frå hentestaden til køyretøyet.

Stigning/helling på transportveg skal vera maksimalt 1:7.

Dører, porter o.l. skal vera tilgjengeleg for NGIR, og skal ha opning med ei breidde på minimum 1,0 meter og høgde på minimum 2,0 meter. Det skal vera fastmonterte dørstopparar. Dørterskler med høgde > 2,5 cm skal ha fastmonterte trilleramper med helling 1:4.

NORDHORDLAND OG GULEN INTERKOMMUNALE RENOVASJONSSELSKAP IKS

RETTELIAR TIL FORSKRIFT OM INNSAMLING OG HANDSAMING AV HUSHALDSAVFALL

INNLEIING

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS («NGIR») er oppretta for å stå for den samla avfallshandteringa for innbyggjarane i kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund.

Det er den enkelte kommune som etter forureiningslova § 30 har ansvaret for handtering av hushaldsavfall, og som etter forureiningslova er forureiningsmyndigheit på dette området. For å sikra ei effektiv og økonomiske føremålstenleg organisering av avfallshandteringa har dei nemnde kommunane gått saman om dette gjennom NGIR.

NGIR er delegert mynde til å gjennomføra forskrifta sine bestemmingar, og kan treffa enkeltvedtak innanfor forskrifta sitt område (med unntak av årleg fastsetjing av renovasjonsgebyr. Føremålet er å gjera det enkelt for innbyggjarane å vita at NGIR har ansvaret for handteringa av hushaldsavfall, og at innbyggjarane berre treng å forhalda seg til NGIR i dei fleste tilfelle knytt til avfall. Det er samstundes den enkelte kommune som fører kontroll, og det er kommunane som har ansvaret for oppfølging av generell forsøpling og forureining, til dømes viss det vert plassert/lagra avfall på ein eigedom. Kommunane har og ansvaret for og myndet til å føre kontroll og ilegga sanksjoner ved tilfelle av forsøpling og forureining.

Etter Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall [sett inn nr på forskrift] § 6 kan NGIR utarbeida rettleiarar og retningsliner med omsyn til forskrifta sine bestemmingar. Denne rettleiaren er utarbeidd på den bakgrunn, og med det føremål at abonnentar og kundar skal få meir informasjon om kva forskrifta sine bestemmingar inneber.

Rettleiarar vert utarbeid av NGIR, og er ikkje ein del av forskrifta. Rettleiaren vil verta oppdatert og endra i samsvar med trongen, og vil vera tilgjengeleg på NGIR sine nettsider: www.ngir.no

KAPITTEL 1 INNLEIANDE BESTEMMINGAR

Forskrifta §§ 1 – 4

Føremål og verkeområde - avgrensingar

Forskrifta er vedteke av alle deltakarkommunane i NGIR med heimel i forureiningslova § 30. Forskrifta gjeld i alle deltakarkommunane og for alle hushald og fritidseigedommar i deltakarkommunane. Den felles forskrifta gjer at alle hushald og fritidseigedommar får dei same reglane å forhalda seg til, og sikrar lik handsaming på tvers av kommunane som er deltakarar i NGIR.

Forskrifta gjeld berre for «hushaldsavfall», som i utgangspunktet er avfall som vert produsert av privatpersonar og private hushald, irekna hytte/fritidsbustad. Dette inneber at avfall som kjem frå næringsverksemd som hovudregel ikkje vert omfatta av forskrifta. Kommunane har ikkje same ansvar for å handsama næringsavfall, som dei har for å handsama hushaldsavfall, men NGIR har og ei rekkje tilbod til næringslivet i regionen.

Næringsdrivande er sjølv ansvarleg for å levera næringsavfall eller syta for å inngå eigne avtaler om innsamling av næringsavfall. Det er kommunane som føl opp og kontrollerer handtering av

næringsavfall, på bakgrunn av kommunen sine generelle pliktar til å unngå forureining etter forureiningslova.

Den enkelte kommune kan vedta avvikande ordningar frå forskrifta – til dømes at kommunen sjølv står for gebyrinnkrevjing eller sakshandsaming – og så langt som mogleg vil NGIR vise til dette i rettleiaren.

I særskilte vedtak frå kommunestyra i deltakarkommunane, har NGIR fått delegert myndigheit etter forskrifta, samt at forskrifta tillegger en rekke oppgåver direkte til NGIR. Som hovudregel er det NGIR som tek avgjersler knytt til handteringa av hushaldningsavfall.

NGIR treff likevel ikkje vedtak knytt til generell forsøpling og forureining, og NGIR illegg ikkje sanksjoner. Det er den enkelte kommune som har mynde til dette etter forureiningslova.

Definisjonar

Definisjonane i forskrifta forklarar nokre sentrale omgrep knytt til innsamling og handtering av hushaldsavfall.

Særleg viktig er det at alle registrerte eigedommar for alle typar bustadføremål (bueiningar) er omfatta av forskrifta, og som hovudregel vil slike vera gebyrpliktige.

Dette betyr at og hytter/fritidseigedommar er omfatta. Og mobile innretningar vil kunna omfattast, men dette gjeld fyrst når innretninga har fått ei varig plassering (minst tre månader). Det vil kunne kvila på ei skjønsmessig vurdering om mobile innretningar vert omfatta eller ikkje. Viss ein er i tvil, kan NGIR kontaktast for rettleiing.

Abonnten vil som hovudregel vera den som eig, eller festar ein fast eigedom. Det er abonnenten som er den økonomisk ansvarlege overfor NGIR. Der abonnenten driv utleige, er det likevel abonnenten som er ansvarleg for at forskrifta vert overhalde.

Sjølv om abonnenten er hovudansvarleg for å overhalda forskrifta, vert det skilt mellom kundar og abonnentar. I stor utstrekning vil «kunde» og «abonntent» vera samanfallande. Formelt vil likevel kundeomgrepet omfatta den som avfallet oppstår hjå, som kan vera ein annan enn abonnenten.

Hushaldsavfall er i praksis definert til alt avfall som oppstår i private hushald, irekna hytte/fritidseigedom. Dette omfattar dermed meir enn berre det som vert samla inn i oppsamlingseiningar. Hushaldsavfall vil til dømes omfatta møblar, anna inventar, elektriske artiklar, sykklar, hageavfall mv. Forskrifta inneber og ei plikt for abonnentar og kundar til å levera slikt avfall til godkjent mottak.

KAPITTEL 2 KOMMUNEN SITT ANSVAR OG KOMMUNEN SINE PLIKTAR

Forskrifta §§ 5 og 6

Tvungen renovasjon

Alle private hushald og bueiningar har plikt til å vera knytt til den offentlege renovasjonen, og det er etter forureiningslova den enkelte kommune som er lokal forureiningsmynde med omsyn til hushaldsavfall.

Den enkelte kan difor ikkje velgja om ein vil vera omfatta av forskrifta og renovasjonsordninga, men det er mogleg å søkja om dispensasjon, jf. kapittel 6 under og forskrifta § 16.

NGIR står for all innsamling og handsaming av hushaldsavfall på vegne av deltakarkommunane, slik at kvar enkelt kommune får ei mest mogleg effektiv og økonomisk handsaming av avfallet.

At NGIR gjennom forskrifta har fått einerett til å stå for innsamling og handsaming av hushaldningsavfall, inneber at den enkelte kommune ikkje kan nytta andre til å utføra denne oppgåva. Det gjev ein oversiktleg situasjon for innbyggjarane, ved at det er NGIR ein skal forhalda seg til, samt at det gjev kommunane og NGIR betre moglegheit til å ha kontroll med avfallshandsaminga.

I nokre tilfelle kan det vera tvil om avfall er «hushaldsavfall». Særleg kan spørsmål oppstå viss det knytt til ei abonnentseining vert drive ein mindre grad av næringsverksemd. I slike tilfelle er det NGIR som avgjer korleis avfallet skal kategoriserast, basert på ei sakleg vurdering av mengd avfall, type avfall osv.

NGIR sine pliktar

Oppsamlingseining og henting

Alle abonnentar vil ha, eller få utlevert, oppsamlingseining til restavfall, papir/papp, plast, matavfall og tekstilar. Som hovudregel vil dette vera ein 140 liters plastbeholdar, med hjul og lok – for restavfall, for papir/papp og for matavfall. For plast vil det vera sekkar som vert utlevert til abonnenten. For tekstilar vert det utlevert eigne posar som skal plasserast i oppsamlingseininga for papir/papp, og som vert tømd samstundes med papir/papp.

Eigedommar og bygningar som inneheld fleire bueiningar, som burettslag og eigarseksjonssameige, vil som hovudregel få utlevert fellesbeholdarar. Desse vil ha eit større volum enn 140 liter, då fellesbeholdarane skal betena fleire bueiningar. Slike fellesbeholdarar fungerer på same måte som nemnt over, og desse fellesbeholdarane er særskilt for den eigedomen som får utlevert fellesbeholdar. Storleik på oppsamlingseining kan variera, mellom anna ut frå kva type eigedom og bueining det er snakk om, og kor mykje avfall som vert produsert.

NGIR kan etter nærare vurdering bestemma at volumet på oppsamlingseininga må aukast, eller at det er trong for fleire oppsamlingseiningar.

I område der det primært er fritidsbustadar/hytter, vert det som hovudregel nytta fellesbeholdarar (hyttekonteinarar). Kvar enkelt fritidsbustad vil få informasjon om kvar fellesbeholdarane som kan nyttast av fritidsbustadar/hytter er utplassert. Fellesbeholdarar er berre for dei abonnentar/kundar som har fått melding om å nytta desse, og skal ikkje nyttast av fastbuande eller næringsdrivande. I utgangspunktet kan fritidseigedommar sjølv velgja kva for fellesbeholdar i området dei vil nytta, men

NGIR kan gje nærare retningsliner eller pålegg for kva fellesbeholdar den enkelte fritidseigedommen skal nytta som oppsamlingseining.

Fellesbeholdarar som vert utplasserte i område for fritidseigedomar er i utgangspunktet ikkje særskilt registrert på den enkelte eigedom eller buening. I motsetnad til fellesbeholdarar som til dømes vert utlevert til burettslag, har difor abonnentane ikkje ansvar for å reingjera desse fellesbeholdarane, og slikt reinhald vil verta utført av NGIR.

Fellesbeholdarar er ikkje gjenvinningsstasjon eller avfallsmottak. Dette gjeld både for fellesbeholdarar som vert utlevert til bestemte eigedomar og bueningar, og fellesbeholdarar som vert utplasserte i område med fritidseigedomar. Det er ikkje tillate å plassera avfall som ikkje kan/skal plasserast i fellesbeholdaren, ved sidan av eller i tilknytning til denne. Slikt avfall må abonnenten/kunden sjølv syta for å levera til eit godkjend avfallsmottak.

Det avfallet som skal plasserast i utlevert/utplassert oppsamlingseining, vert jamleg samla inn. Matavfall (bioavfall) vert samla inn kvar veke. Restavfall, papir/papp og plast vert normalt samla inn annan kvar veke. NGIR fastset når innsamlinga skal finna stad. Det vil alltid verta gjeve skriftleg informasjon om kva tømmedag som gjeld i eit konkret område eller på ei tømmerute, og kva type avfall som vert samla inn i partal- eller oddetalsveker. Oppdatert informasjon om tømning og innsamling kan ein og finna på ngir.no.

På tømmedagen må oppsamlingseininga vera sett ut på hentestaden seinast kl. 07.00 for at ein skal ha rett på innsamling og henting av avfallet.

NGIR, eller den renovatør NGIR nyttar til å utføra innsamlinga, skal alltid setja oppsamlingseininga tilbake på hentestaden, med lukka lok. Eventuelt søl frå hentinga skal ryddast opp av NGIR, som og har ansvaret for å vedlikehalda, reparera og skifta ut oppsamlingseiningar.

Innsamling og henting skal gjennomførast slik at belastninga for omgjevnadane med omsyn til støy, lukt, støv, utslepp og trafikale forhold vert så liten som mogleg. Det skal og takast omsyn til renovatøren sitt arbeidsmiljø.

KAPITTEL 3 ABONNENTEN OG KUNDEN SINE PLIKTAR

Forskrifta §§ 7 og 8

Generelle pliktar

Ein abonnent eller kunde kan ikkje velgja ikkje å vera omfatta av forskrifta eller renovasjonsordninga. Det er likevel mogleg å søkja om dispensasjon (fritak) i enkelte tilfelle, sjå nærare kapittel 6.

Abonnent og kunde er forplikta til å følgja både forskrifta, rettleiar og retningsliner som vert gjeve i medhald av forskrifta. Dette omfattar mellom anna plikt til å følgja retningslinene for kjeldesortering, og plikt til å levera avfall som ikkje kan eller skal plasserast i oppsamlingseining til godkjend

avfallsmottak. På NGIR sine nettsider finn ein til ei kvar tid nærare retningsliner for kjeldesortering (sorteringsguide).

Abonnet og kunde har og informasjonsplikt overfor NGIR, og skal syta for at NGIR har oppdatert informasjon som er relevant for abonnementet/kundeforholdet. Dette omfattar til dømes plikt til å informera om endring i status for bueininga (fritidsbustad eller heilårsbustad) osv.

Bruk og ansvar for oppsamlingseiningar

Oppsamlingseingane er NGIR sin eigedom, og vert utlevert til kvar enkelt abonnent i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande renovasjonsordning, og ut frå det NGIR finn at er naudsynt i den samanheng. Fellesbeholdarar som vert utplassert i visse område er og NGIR sin eigedom.

NGIR og renovatør vil berre samla inn hushaldsavfall som er plassert i godkjende oppsamlingseiningar, anten det gjeld behaldarar, sekker, konteinrar eller anna som NGIR har godkjend til bruk for oppsamling av ulike typar avfall. Avfall som er plassert i anna enn godkjende oppsamlingseiningar, vil ikkje verta henta og samla inn. Slikt avfall må anten plasserast i godkjend oppsamlingseining, eller leverast til godkjent mottak.

Dersom hushaldningsavfallet ikkje er blitt kjeldesortert, vil det som hovudregel føra til at avfallet ikkje blir samla inn. Abonnet/kunde kan i slike tilfelle bli pålagt å syta for riktig sortering av avfallet før innsamling kan utførast, og kan og verta pålagt å levere avfallet til godkjent mottak.

Oppsamlingseingane skal berre innehalda fastsett type hushaldsavfall som er pakka i samsvar med retningsliner frå NGIR. Oppsamlingseininga skal ikkje innehalda hushaldsavfall som grunna sin type, storleik, eller tyngde ikkje vert omfatta av innsamlinga, eller som på annan måte kan utsetja renovatøren for fare eller ulempe. Farleg avfall må aldri plasserast i oppsamlingseingane, og slikt avfall må leverast til godkjend mottak.

For å redusera hygieniske ulemper skal oppsamlingseingane aldri vera overfylte, og loket må kunna lukkast heilt igjen. Avfallet i oppsamlingseininga skal ikkje pakkast fastare enn at eininga lett kan tømme. Det skal ikkje vera naudsynt for renovatøren å ta nedi ei oppsamlingseining for å få laus avfallet. På vinterstid er abonnent/kunde ansvarleg for at avfallet ikkje er frose fast i oppsamlingseininga slik at det ikkje let seg tømme.

Fuktig avfall, skarpe eller knuselege gjenstandar mv. skal vera forsvareleg innpakka før plassering i oppsamlingseininga. Oske må vera heilt avkjølt før den vert emballert og lagt i oppsamlingseininga. Emballering av oske, avfall frå støvsugar o.l. må vera slik at det ikkje gjev støvplage ved innsamling.

Flytande avfall skal ikkje plasserast i oppsamlingseining. Heller ikkje skal det plasserast større gjenstandar av metall, stein, jord, sand, grus eller større mengder hageavfall.

Etsande, eksplosivt eller sjølvantenneleg avfall skal ikkje plasserast i oppsamlingseining.

Viss oppsamlingseingane vert fylt med feil type hushaldsavfall, vert komprimert for mykje, eller avfallsmengdene elles tilseier det, kan NGIR bestemma endring i behaldarvolum eller talet på oppsamlingseiningar. For ein oppsamlingseining på 140 liter, skal vekta ikkje overstiga 30 kg.

Utanom tømmedag pliktar abonnent/kunde å plassera oppsamlingseininga på oppstillingsplassen. Oppstillingsplassen skal vera tilrettelagt slik at den ikkje er til ulempe eller sjenanse for naboar og omgjevnadane elles. Oppsamlingseininga skal plasserast slik at den vert beskytta mot vær og vind, og slik at skadedyr ikkje får tilgang til avfallet. Abonnent/kunde er sjølv ansvarleg for søl som følgje av overfylte oppsamlingseiningar eller manglande sikringstiltak. .

Abbonent/kunde er ansvarleg for at oppsamlingseininga (ane) vert jamleg reingjort, derunder syta for at oppsamlingseininga (ane) ikkje lukter. Abonnent/kunde skal for øvrig syta for at oppsamlingseininga (ane) er i samsvar med krav frå helsemyndigheitene.

Abbonent/kunde pliktar å setja oppsamlingseininga tilbake på oppstillingsplassen same dag som avfallet er samla inn av renovatøren.

Viss oppsamlingseininga er plassert innandørs, skal rommet vera godkjend for dette i samsvar med plan- og bygningslova sine krav, og skal i eit kvart tilfelle ha tilstrekkeleg lufting.

For at abonnent/kunde skal ha rett på innsamling av avfallet, må oppsamlingseining setjast ut til hentestad på tømmedagen før kl. 07.00. Hentestaden vert fastsett av NGIR, og NGIR har høve til å stilla krav til vegstandard, vedlikehald, åtkomst og utforming av hentestaden. Hentestaden skal vera trafikkert forsvarleg.

Abbonent/kunde er sjølv ansvarleg for innhenting av eventuelle godkjenningar frå plan- og bygningsmyndigheitene ved etablering og/eller endring av hentestaden si utforming.

NGIR kan påleggja endring av hentestad ved mellombelse og varige hindringar, til dømes som følgje av stengde vegar, graving, snø, is, gjentekne problem med parkerte biler mv. NGIR kan og påleggja endring av hentestad dersom det av andre orsakar, t.d. manglande areal og kapasitet på hentestaden, er naudsynt for å sikra ei forsvarleg og hensiktsmessig innsamling.

For konteinrar skal hentestaden vera lett tilgjengeleg og ha eit plant og fast underlag. Det må vera tilstrekkeleg plass rundt konteinaren til at den kan hentast/tømmast utan vanskar. Det må vera minimum 10 meter klaring framfor konteinaren og minimum 4 meter klaring over konteinaren.

Fellesbeholdarar er berre til bruk for abonnentar/kundar som har fått særskilt melding om bruk av fellesbeholdar. Abonnentane/kundane som nyttar fellesbeholdar er solidarisk ansvarleg for fellesbeholdaren. Abonnentar/kundar som nyttar særskilte fellesbeholdar i fellesskap er ansvarleg for reingjering av fellesbeholdaren. NGIR er ansvarleg for reingjering av fellesbeholdarar som er utplassert for å betena ein ubestemt krets av abonnentar/kundar, til dømes konteinrar som er utplassert i hytteområde.

Viss ei oppsamlingseining har vorte øydelagt, skada, eller bortkommen, må abonnent/kunde kontakta NGIR for reparasjon eller ny oppsamlingseining. Abonnenten/kunden er økonomisk ansvarleg for skadar og øydelegging som ikkje skuldast normal slitasje. Det same gjeld for bortkommen oppsamlingseining. Det er ikkje tillate å endra fargen på oppsamlingseiningane.

Skader på oppsamlingseining, køyretøy, hentestad mv., som skyldast abonnenten eller kunden sin bruk av oppsamlingseininga, kan krevjast erstatta av abonnenten/kunden.

KAPITTEL 4 TEKNISKE BESTEMMINGAR

Forskrifta §§ 9 -12

Alternative oppsamlingsordningar

NGIR og kommunane arbeider for å fremja utvikling og bruk av meir effektive oppsamlingsordningar, då spesielt nedgravne løysingar.

Nedgravne løysingar er godt eigna for sameiger, burettslag, hyttefelt og andre som har trong for større, felles avfallsløysingar.

Viss nedgravne løysningar skal etablerast, forutset det at NGIR vert involvert i planlegginga og det vert stilt krav til utforming, dimensjonering mv. NGIR har utarbeidd eigne retningsliner knytt til nedgravne løysingar, som ein kan få ved å kontakta NGIR.

Nedgravne løysningar må som hovudregel ha minst éin konteinar for kvar av avfallstypene restavfall, matavfall, papir/papp og plast. For større prosjekt kan det vera aktuelt å ha eigen konteinar for glas/metall.

Krav til åtkomst og vegstandard

Viss NGIR må nytta privat veg for å koma fram til hentestad, forutset dette at den private vegen er forsvarleg køyrbar for større køyretøy, og at det er moglegheiter for å snu, viss den private vegen ikkje har moglegheit for gjennomkøyring.

NGIR kan stilla krav om at det vert inngått avtale mellom NGIR og vegeigar(ar) for bruk av den private vegen. NGIR har utarbeidd både standard retningsliner for krav til vegstandard på privat veg, og standard avtale for rett til bruk av privat veg til innsamling av hushaldsavfall.

Ein avtale om rett til bruk av privat veg inneberer at NGIR gjer ei vurdering av kvaliteten på den private åtkomsten, for å sikra at vegen toler belastinga av større køyretøy, og at sikkerheita til personell og trafikantar elles vert teke omsyn til.

Inngåing av avtale om rett til bruk av privat veg inneber at vegeigar(ar) står inne for at vegen held naudsynt kvalitet og oppfyller minimumskrava som er sett av NGIR. Vegeigar må og ta ansvar for at vegen vert vedlikehalden og vinterbrøyta.

Viss NGIR finn at privat veg ikkje kan nyttast som åtkomst, eller at det manglar avtale om bruk av privat veg, vert hentestaden fastsett til næraste forsvarlege stad.

Avfallsmottak

NGIR har fleire ulike typar av avfallsmottak. Dette kan vera større, betente anlegg som til dømes gjenvinningsstasjonen i Kjevikdalen, og mindre ubetente returpunkt for glas- og metallemballasje. Avfallsmottak er ikkje det same som fellesbeholdarar, og avfallsmottaka kan i motsetnad til fellesbeholdarar nyttast av alle.

Avfallsmottak er bringeordningar som inneber at abonnent/kunde sjølv syter for å levera avfallet på riktig måte (kjeldesortert).

Det er ikkje tillate å plassera avfall ved sidan av behaldarar på betente/ubetente avfallsmottak. Viss avfallet som abonnent/kunde ønskjer å levera ikkje let seg plassera, eller ikkje skal plasserast i utplasserte behaldarar, må avfallet leverast på betent avfallsmottak. Dette gjeld sjølv om behaldarar er fulle, og at dette er årsaka til at avfall ikkje kan plasserast i behaldarar.

Ved levering til betente avfallsmottak må gyldig og aktivt NGIR-kort visast fram, eller MiljøID-appen nyttast. Abonnent/kunde får ikkje levera avfall utan å visa fram NGIR-kortet eller nytta appen. For abonnent/kunde med NGIR-kort eller MiljøID-app er det kostnadsfritt å levera hushaldsavfall til avfallsmottak. Nærare informasjon om NGIR-kortet og MiljøID-appen finn ein på NGIR sine nettsider.

Dei betente avfallsmottaka kan ta i mot elektrisk- og elektronisk avfall og farleg avfall. Abonnentar og kundar pliktar å levera slikt avfall til godkjende mottak. Elektrisk- og elektronisk avfall kan og leverast til forhandlarar av tilsvarande produkt.

Nokre stadar tilbyr NGIR mellombelse avfallsmottak og rydde-/henteruter for hushaldsavfall som elles må leverast på godkjend avfallsmottak av abonnent/kunde. Nærare informasjon om dette finn ein på NGIR sine nettsider.

NGIR sine avfallsmottak kan delast inn i følgjande:

1. Betente avfallsmottak/gjenvinningsstasjonar

Dei betente avfallsmottaka tek i mot alle typar av hushaldsavfall. På dei betente avfallsmottaka kan abonnentar utan ekstra vederlag levera alt det hushaldsavfallet som ikkje kan, eller skal, plasserast i utlevert/utplassert oppsamlingseinig.

Dei betente avfallsmottaka forutset kjeldesortering, og når avfallet vert levert pliktar den som leverer avfall å leggja dette i riktig konteinar.

Dei betente avfallsmottaka tek i mot tekstilar (klede), hageavfall, trevirke (både trykkimpregnert og reint trevirke), metall, store kvitevarer, møbler, elektronikk og elektriske produkt, kablar, glas, stein, tegl, keramikk, golvbelegg, papir, papp, plast, farleg avfall og liknande..

Avfallsmottaket i Kjevikdalen tek og i mot brukte dekk, både med og utan felg.

På NGIR sine nettsider finn ein fullstendig oversikt og opningstider for dei betente avfallsmottaka.

2. Mellombelse avfallsmottak

Mellombelse avfallsmottak er betente avfallsmottak som er opne for tidsavgrensa periodar, og der det er avgrensa kva avfall som kan leverast.

På dei mellombelse avfallsmottaka kan ein som hovudregel levera metall, møbler, elektronikk og elektriske produkt, og trevirke (både impregnerert og reint).

3. Ubetente avfallsmottak (glas- og metallemballasje)

NGIR har på føremålstenlege stader sett ut behaldarar/konteinarar der det kan leverast glas- og metallemballasje til gjenvinning (ofte ved daglegvarebutikkar).

Desse returpunkta er ikkje eigna for større gjenstandar; det vil i hovudsak kunne leverast glas- og metallemballasje frå mat- og drikkevarer.

Returpunkta er ubetente og kan nyttast av alle abonnentar/kundar.

4. Rydde/henteruter

NGIR har per i dag rydderuter i område som ligg langt frå både ordinære betente avfallsmottak og mellombelse avfallsmottak.

På desse rydderutene (inkl. farleg avfallsruter og henteruter for eternit/asbest/isolerglas og trykkimpregnerte materiale) kan abonnentar få henta hushaldsavfall som ikkje kan, eller skal, plasserast i oppsamlingseining. Normalt vert det på rydderutene berre samla inn møbler, metall, elektronikk og elektriske produkt, samt trevirke.

På nokre av rydderutene må ein møte personleg ved henting for at NGIR skal samla inn avfall, til dømes ved henting av farleg avfall.

NGIR gjev dei som vert omfatta av tilbodet om rydderuter melding om dette i forkant, og oppdatert informasjon om rydderutene finn ein på NGIR sine nettsider.

KAPITTEL 5 GEBYR

Forskrifta §§ 13-15

Sjølvkostprinsippet

Det følgjer av forureiningslova § 34 at kommunen si lovpålagte handsaming av hushaldsavfall skal finansierast gjennom renovasjonsgebyr.

Renovasjonsgebyret knytt til handsaming av hushaldsavfall er basert på sjølvkostprinsippet, som inneber at gebyret i utgangspunktet ikkje kan vera høgare enn det som er naudsynt for å dekkja alle kostnader knytt til innsamling, transport og handsaming av hushaldsavfallet. Samstundes skal ei generasjon brukare ikkje subsidiera neste generasjon, eller omvendt. Kostnadane ved tenestene som blir ytt i dag skal dekkast av dei brukarane som drar nytte av tenestene, og eventuelle overskot/underskot i eit år skal brukast/dekkast innan fem år. Eventuelle overskot/underskot førast

mot eit utjamningsfond, og fondet kan nyttast til å ha ei jamnare utvikling av renovasjonsgebyret. Innanfor sjølvkostrammene kan avfallsgebyra differensierast, når dette bidreg til avfallsreduksjon og gjenvinning.

Det er dei respektive deltakarkommunane som kvart år treff vedtak om renovasjonsgebyret sin storleik, og om eventuell differensiering.

Renovasjonsgebyr

Kvar abonnent er ansvarleg for å betala renovasjonsgebyr knytt til innsamling, transport og handsaming av hushaldsavfallet.

Gebyret dekkjer og kostnadene ved drift av både betente og ubetente avfallsmottak, slik at abonnent/kunde ikkje må betala særskilt gebyr ved levering av avfall til avfallsmottak.

NGIR krev inn av avfallsgebyret på vegne av kommunane, med unntak av Fedje kommune.

KAPITTEL 6 ADMINISTRATIVE BESTEMMINGAR

Forskrifta §§ 16 - 20

Dispensasjon og fritak

NGIR er etter forskrifta gjeve mynde til å gje dispensasjon frå forskrifta. I hovudsak vil dispensasjon gjelda i tilfelle der abonnenten kan visa til at det ligg føre grunnar for ikkje å vera delaktig i renovasjonsordninga og/eller der det kan vera grunnlag for gebyrfritak/gebyrreduksjon.

Hovudregelen er at kvar abonnent pliktar å betala renovasjonsgebyr. Hovudregelen tek utgangspunkt i at ein kvar abonnentseining vil kunna produsera hushaldsavfall og difor skal betala gebyr.

I nokre tilfelle kan hovudregelen sitt utgangspunkt verta uriktig, då abonnentseininga likevel ikkje vil kunna produsera avfall. Det er då mogleg for abonnent/kunde å søkja om dispensasjon frå forskrifta og plikta til å betala gebyr.

NGIR har utarbeidd nærare retningsliner og vilkår for kva tilfelle som kan gje grunnlag for dispensasjon. Dispensasjon kan ikkje verta gjeve av sosiale grunnar, og grunngevinga for søknad om dispensasjon må vera i samsvar med dei omsyn forureiningsregelverket skal ivareta.

Ved søknad om dispensasjon skal det nyttast eige skjema, som ein finn på NGIR sine nettsider. Den som søker om dispensasjon kan og måtte leggja fram dokumentasjon som er naudsynt for å vurdere søknaden.

Grunnlag for dispensasjon vil kunne liggja føre i tilfelle der abonnenteininga ikkje vert nytta, ikkje kan nyttast, eller det vert urimeleg tyngjande for abonnenten å nytta renovasjonsordninga.

Det gjev i utgangspunktet ikkje grunnlag for dispensasjon at abonnenten har annan abonnentseining som er omfatta av forskrifta, at abonnenteininga ligg avsides til og/eller at den er vanskeleg tilgjengeleg, at abonnenteininga ikkje er isolert, eller at abonnenteininga er lite brukt.

Dispensasjon frå renovasjonsordninga og/eller gebyrplikta vert berre unntaksvis gjeve for meir enn eitt år om gangen. Viss vilkåra for vidare dispensasjon er til stades etter eitt år, pliktar abonnenten sjølv å søkja om forlenging innan utløpet av ein fritaksperiode. Viss det ikkje vert søkt om forlenging, eller søknad om forlenging kjem inn etter utløpet av ein fritaksperiode, vil gebyr løpa som normalt inntil eventuell ny søknad vert innvilga.

Kontroll – pålegg og sanksjonar

Den enkelte kommune har ansvaret for å sikra at både forureiningslova og forskrifta sine bestemminga vert fylgt. For å sikra at forureiningslova, forskrifta, samt vedtak, retningslinjer og vegleiarar/retteleiarar gjeve med heimel i forskrifta vert overhalde, kan derfor den enkelte kommune foreta kontroll og gransking. Heimel for dette følger av forureiningslova § 37, og kap. 7 (Tilsyn med forureining og avfall).

Kommunane sin kontrollfunksjon har som føremål å førebyggja misbruk av renovasjonsordninga og hindra forureining og forsøpling. Kontrollfunksjonen inneber at det kan krevjast tilgang til ei abonnentseining. Slik kontroll føl forvaltningslova sine sakshandsamingsreglar, irekna forvaltningslova § 15. Kommunen kan gjennomføre fysiske kontroller av områder og eigedomar. Dette kan innebære både innvendige og utvendige undersøkingar.

I samband med dette kan den enkelte kommune påleggja den som har etterlat, tømd eller oppbevart avfall i strid med forskrifta eller forureiningslova § 28 å fjerne avfallet på lovleg vis og syta for opprydding. Kommunen kan setja fristar for fjerning og opprydding.

Dersom fristen ikkje blir overhalde, eller den enkelte kommune elles finn det naudsynt, kan kommunen syta for fjerning og opprydding. Kommunen kan i slike tilfelle krevja dekke rimelege kostnader med fjerning og opprydding.

Ved alvorlege eller gjentakande brot på forureiningslova, forskrifta, samt vedtak, retningslinjer og vegleiarar/retteleiarar gjeve med heimel i forskrifta, kan den enkelte kommune melda forholdet til politiet.

NGIR fører ikkje kontroll med generell forureining eller forsøpling, og kan ikkje påleggja fjerning og opprydding. NGIR vil midlertidig kunna gje melding til den relevante kommunen, dersom NGIR blir kjent med forureining og forsøpling.

NGIR har midlertidig gjennom forskrifta fått myndigheit til å foreta kontroll og gransking knytt til dispensasjonar og NGIR kan kontrollera bruken av oppsamlingseiningar, samt forhold knytt til betaling av gebyr.

Eksempelvis kan NGIR kontrollera at grunnlaget for at en gjeve dispensasjon framleis er til stades, og kan treffa nytt vedtak i den samanheng dersom NGIR finn at slikt grunnlag ikkje lenger ligg føre.

NGIR fører jamlege kontrollar mot Eigedomsregisteret og annan offentleg informasjon for å sikre riktig ilegging av gebyr.

NGIR kontrollerer og at oppsamlingseininga nyttast som forutsett, t.d. at det ikkje vert lagt avfall i oppsamlingseiningane som må leverast til godkjent avfallsmottak. I den samanheng kan NGIR gå gjennom avfallet for å søkja å identifisera den ansvarlege. Dette gjeld og for avfall som vert plassert ved sidan av oppsamlingseiningar på hentestaden, eller vert plassert ved avfallsmottak, både betente og ubetente. NGIR vil rutinemessig rapportere slike tilfelle til den relevante kommune.

Dersom det blir gjentakande tilfelle av at det vert plassert avfall ved sidan av oppsamlingseiningar på hentestaden, kan dette vera eit teikn på at det er naudsynt med auka volum på oppsamlingseininga, eller fleire oppsamlingseiningar. I så tilfelle kan NGIR påleggja ei slik auke i volum eller tal med omsyn til oppsamlingseiningar.

NGIR sine kontrollar skal følgja forvaltningslova sine sakshandsamingsreglar, derunder forvaltningslova § 15. Kontrollane kan innebære at NGIR, i likskap med kommunane, kan foreta fysiske undersøkingar av eigendomar knytt til abonnenten, derunder tilgang til innvendige undersøkingar.

Klagetilgang

NGIR er innanfor forskrifta sitt område (med unntak av gebyrvedtak og sanksjonar) gjeve mynde til å treffa enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2 (b). Dette gjeld til dømes vedtak om å innvilga eller avslå søknader om dispensasjon, eller pålegg om å auka oppsamlingsvolum.

Når NGIR har treft eit enkeltvedtak, kan dette klagast på etter forvaltningslova sine regler. I dei tilfella NGIR treff enkeltvedtak eller utøver offentleg mynde etter delegert kompetanse frå kommunane, gjeld forvaltningslova sine regler om sakshandsaming.

Klagefristen er som hovudregel tre veker frå enkeltvedtaket, eller melding om enkeltvedtaket, vart motteke. Klaga må framsetjast skriftleg for at den skal kunne verta handsama.

Klaga skal alltid sendast til NGIR v/administrasjonen. Viss NGIR v/administrasjonen eller styret opprettheld vedtaket, vert klagesaka sendt vidare til særskilt klagenemnd for NGIR.

Den særskilte klagenemnda for NGIR er klageinstans for alle enkeltvedtak som er treft av NGIR v/administrasjonen og styret. Klagenemnda er oppnemnt av representantskapet i NGIR. Klagenemnda er som hovudregel samansett av medlemmar frå representantskapet

Klagenemnda er ikkje klageinstans for enkeltvedtak treft av kommunane eller vedtak treft av representantskapet.

Vedtak fatta av den særskilte klagenemnda kan ikkje påklagast vidare.

